

RETTLEIING FOR HYTTETILSYNA I VOSS UTFERDSLAG

Hyttetilsynet sitt ansvar

Hyttetilsynet skal drifta hyttene med alt som det inneber. Passa på at hyttene er vedlikehaldne, ryddige og reine.

Hyttetilsynet har ansvar for at alt utstyr som er nødvendig for å bu på hyttene er på plass.

Organisering av hyttetilsynet

Kvart hyttetilsyn har inntil 6 medlemmer som vert valde av årsmøtet for 2 år.

Kvart hyttetilsyn vel ein kontaktperson, som må melda namn, telefon og epost til dagleg leiar og til hyttekontakten i styret. Kontaktpersonen er tilsynet sin talsperson, og gjerne den som tek initiativ til det som skal gjerast. Alle i hyttetilsynet har likevel ansvar for arbeidet som skal gjerast.

Innkallingar til møta i tilsynet og referat skal sendast styret v/hyttekontakt. Send og gjerne kopi av innkalling til dugnader m.m. Hyttekontakt har rett til å møta i tilsynsmøta.

Vedlikehald

Kor mykje vedlikehaldsarbeid hyttetilsynet er forventa å gjera, vil variera avhengig av samansetninga. Har ein t.d. fagfolk i tilsynet er det praktisk at dei gjer enklare jobbar innanfor sine fagområde.

Enklare vedlikehald som måling, beising, lakking av golv osv, er det likevel forventa at tilsynet utfører, gjerne på dugnad der medlemmer frå andre tilsyn eller andre medlemmer i laget vert bedne med.

Ved trong for andre vedlikehaldsoppgåver eller større utskifting/innkjøp må dette meldast til dagleg leiar og styret.

Innkjøp til hyttene.

Nødvendig utstyr i hyttene:

- Kjøkkenutstyr, (bestikk, panner, porselen, osv)
- Sengetøy, (madrasser, dyner, puter, dynetrekk putetrekk)
- Bøtter, vannkanner, vaskefat, vaskeklutar, feiekostar, kjøkkenhandukar osv.
- Borddukar, gardiner, sofaputer, osv

Mengda av utstyr må vera tilpassa det tal sengeplassar (med ekstra madrasser) hytta har.

Forbruksvarer:

Fyrstikker

Stearinlys

Reingjeringsmidlar

Toalettpapir

Strø til utedoen

Tørkerull

Bossekker

Proviant.

Provianten skal kjøpast hjå Encon der Utferdslaget har avtale. Sjå nedst i retteleiinga: «Rutine for bestilling av varer hjå Encon».

Gass

Gass kjøper me hjå Voss Gass der Utferdslaget har avtale. I denne avtalen ligg og lagring av tomme gassflasker og sjekk av flaskene.

Ved

Ved kjøper me der me får god pris og god kvalitet på veden. Det er og praktisk å inkludera frakt av veden hjå seljar fram til lagleg plass for vidare transport.

Lager/ Møterom

Utferdslaget har tilgang til stort og godt lager i kjellaren på IOGT-huset i Lekvemoen. Lageret har to rom, hovudlager og eit arkivrom. I hovudlageret har kvar hytte sin reol for lagring av rekvisita til hyttene. Her er også eit felleslager der ein m.a. finn hytteprotokollar. Kontaktpersonen for kvart hyttetilsyn har nykel til hovudlageret. Den kan også lånast hjå dagleg leiar som og har nykel til arkivrommet. I hovudetasjen i bygget har laget på kveldstid tilgang på møtelokale. Desse kan brukast dersom dei er ledige. Ta kontakt med dagleg leiar for reservering.

Dugnad

Dei fleste hyttene har ein stordugnad vanlegvis på våren før sommarsesongen startar. I tillegg har fleire hytter ein haustdugnad, der ein gjer hyttene klar for vintersesongen. (Oppfylling av vedlager, påsetjing av vindaugslemmar, utplassering av snøskuffer o.l.) På hytter som har bruer tilknytt til seg, er det vanleg å ta inn desse i samband med haustdugnaden.

Under hovuddugnadane vert det meste av arbeidet med hyttene utført. Det er difor viktig at alle i tilsynet har høve til å delta. Inviter og gjerne andre i laget med på dugnaden.

Arbeidsoppgåver i hovuddugnaden varierer, men viktige oppgåver er:

- Nedvask av hytta.
- Skifting av sengetøy, lufting av madrassar. For vask av sengetøy har me hittil brukt vaskeriet på Evanger
- Vask av kjøkenutstyr, skuffer og skåp
- Plassering/ rydding i proviantlager
- Utplassering av reine kjøkkenhandukar, vaskeklutar o.l
- Reingjering/ om nødvendig tømning av doen

Tilsyn

Det er viktig at hyttene har regelmessig tilsyn. Kor ofte vil variera med årstida, og med avstand og tilkomst til hyttene. På tilsyna bør det vera to personar. Dette er særleg viktig i vinterhalvåret av tryggleiksgrunnar.

Bruk sjekklista! Vurder og bygning om det er skadar eller anna behov for vedlikehald / reparasjon. Sjekk rute/sti inn til hytta, og merking/skilting/bruer. Etter tilsyn skal sjekklista /rapport leverast til kontaktperson. Feil/manglar må følgjast opp.

Transport av varer til hyttene

Transport til hyttene vert alt etter tilhøva ordna på ulike måtar.

Det er eit mål for laget å bruka minst mogeleg motorisert transport, men enkelte hytter er avhengige av helikoptertransport, andre treng snøskuter. Til Volahytta kan ein i sumarhalvåret køyra til Voladammen og frakta varer inn med båt.

Til hytter som treng helikoptertransport, må ein prøva å få til *ei* flyging i året, og helst flyga til fleire hytter same dagen. Helikopterkostnader er ein stor utgiftspost for laget.

Det enkelte hyttetilsyn har ansvar for å innhenta landingsløyve og snøskuterløyve.

Hyttekontakten i styret kan hjelpa til med dette om naudsynt.

Økonomiske tilhøve

Utlegg for laget vert refundert. Bruk appen Power Office Go eller kravskjema som du sender til dagleg leiar. Skjemaet skal sendast på e-post, i PDF-format, med kvitteringar til voss.utferdslag@faktura.poweroffice.net. Dette gjeld både for private utlegg (køyring, billetter osv), og for innkjøp til hyttene. Hugs kvittering og oppgjje kva hytte det gjeld.

Lever reiserekning etter kvart utlegg. Utlegg som skal med på årets rekneskap, må sendast seinast 15. desember.

Ved innkjøp i butikkar/firma der laget har konto, skal hyttenamn og namn på rekvirenten kome med på faktura/ kvittering. Ved kjøp der faktura skal sendast Voss Utferdslag skal faktura sendast på EHF-format til voss.utferdslag@faktura.poweroffice.net. Hugs å få med namn på rekvirent og kva hytte det gjeld.

Laget har konto her: Jernia, Øvsthus (måling, byggematerialar, m.m.) Tverrberg (måling, interiør, byggematerialar m.m), Tvilde Fargehandel, Voss Gass, Encon m. fl.

Inntekt på hyttene

- Lever eventuelle betalingsfullmakter til dagleg leiar
- Riv ut originalsidene i protokollen (når sida er nedskriven, eller når ein avsluttar for året). Kontaktperson bør ta vare på desse inntil årsmeldinga er godkjend. Det lettar arbeidet med besøksstatistikken ved årsslutt.

Investering

Kvar hytte har årleg inntil kr. 7000,- til disposisjon for investeringstiltak utanom vanleg driftsvedlikehald og utan godkjenning på førehand.

Større investeringar/omvøla skal kostnadsreknast og godkjennast av styret.

Årsmelding/oppteljing

I god tid før årsmøtet må årsmeldingsskjemaet fyllast ut med besøksstatistikk og tal dugnadstimar samla for hyttetilsynet. "Ikkje tillitsvalde" som har gjort dugnadsarbeid meir enn 15 timar gjennom året skal også rapporterast inn til dagleg leiar.

Hugs også internkontrollskjema for året og kopi av sjekklister (dersom dei ikkje er leverte før). Sjå under om sikkerheitsarbeidet på hyttene.

Besøksstatistikken skal spesifisera overnattingsbesøk og dagsbesøk. Vidare skal det skiljast mellom vintersesong (1. november-31. mai) og (1. juni-31. oktober). Tala skal rapporterast vidare til DNT. Oppteljing skjer på siste tilsynsbesøk før vinteren.

Bruer/ Stiar

Hyttetilsynet har ansvar for tilsyn med bruene og ta inn bruflekane på hausten og leggja dei ut på våren. Hyttetilsynet skal i samband med dette ta ein visuell kontroll av bruene. Informasjon om inntaking og utlegging av bruer må meldast til dagleg leiar.

Ved behov for vedlikehald av bruene som ikkje hyttetilsynet kan ta, skal vardenemnda varslast.

Når det gjeld merking av stiar til hyttene er det varierende praksis kven som gjer dette. Vardenemnda har alle stiane på si 4-årsliste, men hyttetilsynet skal i byrjinga av sesongen avklara eventuell arbeidsdeling med vardenemnda.

SIKKERHEITSARBEID PÅ VOSS UTFERDSLAG SINE HYTTTER.

Vedlagde *internkontrollskjema* skal fyllast ut årleg og leverast samtidig med årsmeldinga. Ta bilete av skjemaet og send det til dagleg leiar.

Det skal fyllast ut *sjekkliste* for kvart tilsyn (minimum 4 gonger pr år jamt fordelt over året). Ta bilete av signert og datert sjekkliste og send hyttekontakten.

Dei mest sentrale sikkerheitskrava som gjeld vert opplista under:

Brannvarslingsanlegg

Testing av røykvarslar skal gjerast ved kvart tilsynsbesøk og rapporterast 4 gonger pr år.

Utsifting av batteri skal gjerast minst 1 gong pr år

Levetida til varslarane er 10 år.

Kvar hytte skal ha oppslag som viser kven som har ansvar for anlegget og som kan kontaktast dersom det vert oppdaga feil på sikkerheitsutstyret på hytta.

Brannsløkkjarar

Visuell kontroll av brannsløkkjarar, vending av sløkkjaren ved kvart tilsynsbesøk

Sjekk at manometer står på grønt

Brannsløkkjarane skal kontrollerast av sakkunnig person kvart år. Voss Utferdslag har difor gått til innkjøp av dobbelt sett brannsløkkjarar (1 apparat pr. bygning. 2 på Torfinnsheim)

Apparat med ny godkjenning for 1 år skal difor takast ut til hyttene på hovudtransport (vårdugnad), og dei gamle apparata takast tilbake til lager. Hyttekontakt syter for at desse vert kontrollert og godkjent før neste års transport.

Rømingvegar

Det skal vera 2 røming svegar frå kvar branncelle (som regel kvart rom) Røming svegar som ikkje er heilt opplagde skal merkjast.

Der den eine røming svegen er gjennom vindauge skal denne veggen vera fri for snø, og vinterstid skal det vera oppslag på hytta som pålegg brukarar å sjå til at røming svegar er frie.

Gasskokeapparat

Slangen til gasskokeapparatet skal skiftast kvart 3. år

Gassregulatorventil skal skiftast kvart 5. år

Gassflaskene skal til kontroll kvart 10. år (for aluminiumsflasker), og kvart 15. år (for stål og komposittflasker)

Eldstad

- Vedomn skal inspiserast jamleg for sprekkar, skada pakningar ol.
- Omnen skal tømast for oske ved behov.
- Midlertidige tørkestativ og snorer skal inspiserast jamnleg og fjernast om naudsynt.

Desse krava vil verta oppdaterte etterkvart som krav vert endra, eller nye krav kjem til.

Marknadsføring av hyttene

Me vil oppmoda alle medlemmer i hyttetilsyna å marknadsføre hytta si. Statusrapportar etter tilsynsbesøk, etter hovuddugnaden, spesielle snøforhold o.a. kan nyttast til marknadsføring. Send dette til dagelg leiar som legg det ut på heimesida og sosiale medie. Ta gjerne med bilete.

Rutine for bestilling av varer hjå Encon

Encon si heimeside er www.encon.no. Kvar hytte har sitt brukarnamn / passord for og logge på hjå Encon. Dette sikrar at det vert ført på rett hytte.

Kontakt hyttekontakt i styret om du manglar brukarnamn / passord til «di hytte».

Når du er logga på og deretter vel plankjøp får ein opp Voss Utferdslag si "handleliste". Dette er laget sitt felles vareutval som og er grunnlag for prislista vår. Bestill i god tid før planlagt transport, minst 14 dagar for enkelte vareslag.

Vedlegg :

- 1: Standard årsmelding
- 2: Internkontrollskjema for hyttene
- 3: Døme på sjekklister ved hyttetilsyn
- 4: Kravskjema